

Eivind Andreas Hopland
Hoplandsvegen 115
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8231 - 21/71070

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
27.10.2021

Svar på førespurnad om frådelling - gbnr 315/7 Hopland

Beklagar at du har måtta venta på svar.

Delar av garden din er sett av til LNF-spreidd utbygging og det kan difor frådelast tomtar i dette området i planperioden. Ein føresetnad for bygging var at det ikkje skulle byggjast på dyrka eller dyrkbar mark.

I føresegner for kommunedelplanen står det om LNF-spreidd områda.

3.2 Spreidd byggeområde (bustad, næringsbygg, fritidsbusetnad)


Føremålet gjeld spreidd byggeområde med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering m.m., jf. pbl § 11-7 nr. 5 b).

*Område for spreidd byggeområde kan i planperioden byggjast ut med det tal einingar som er nemnt i tab.7 (bustad) og 8 (næring). **Det kan ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogsområde av høg bonitet, jf. pbl § 11-11 nr. 2.***

Tomten du har skissert til byggesaksvakten ligg på eit areal som er registrert som innmarksbeite og du må difor søkja dispensasjon frå føresegnene i kommunedelplanen. Det vil og krevja omdisponering- og delingsløyve etter jordlova.

Det er vanskeleg å sei om det vil verta gitt dispensasjon. Statsforvaltar i Vestland får desse sakene til uttale og har klagerett på vedtaket, Dei er strenge i høve til å byggja på dyrka mark, men har i nokre saker akseptert at kommunen gjev løyve sidan arealet i overordna plan er sett av til LNF-spreidd.

Det er vanskeleg å sjå på kartet om ei anna plassering ville gjort det lettare, men visst det er ynskjeleg kan me ta ein tur ut for å sjå på plassering før du bestemmer deg om du vil søkja eller ei.



Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune, plan og byggesak

Mottakarar:

Eivind Andreas Hopland

Hoplandsvegen 115

5919

FREKHAUG